FULLDISTRIBUSJON

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 2 Sommar 2026 Årgang 92 år



HØG TRIVSELSFAKTOR I GUTTEKLUBBEN NOAH
Foto: Sindre Hansen



FUSA-KONFIRMANTANE 2026
Foto: Mari Gjøn Furubotn

TUSEN TAKK TIL HEILE FUSA FOR INNSATSEN I SAMBAND MED

WALK & RUN 2026

FUSA sokn
Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid
Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest	
Anette-Emilie Gangstø	45 28 02 78
Dagleg leiar/assisterande kyrkjeverje	
Hans Einar Markhus	95 93 65 80
Trusopplæring	
Gry Jeanette Mjelde	93 49 62 26
Hildegunn Myrlid Eide	97 65 01 55
Konsulent	
Ingebjørg Sundfjord Gjøn	56 58 01 81
Kantor	
Iman de Zwarte	95 03 93 33
Soknerådsleiar	
Sigbjørn Sundfjord	97 65 00 93
Fusa frivilligsentral	56 58 01 14
Kyrkjetenarar	
FUSA KYRKJE	
Rianne de Zwarte	46 68 03 96
STRANDVIK KYRKJE	
Rianne de Zwarte	46 68 03 96
HÅLANDSDAL KYRKJE	
Terje Rød	48 25 56 46
SUNDVOR KYRKJE	
Øyvind Nordbø	48 30 52 59
SÆVAREID KAPELL	
Terje Rød	48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet kan sendast Fusa soknerråd, bankgiro: 3530 25 86215 eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:
Fusa soknerråd

Konto for kyrkjebladet:
3530 25 86215
VIPPS #90436 legg til kategori:
Fusa kyrkjeblad
Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år

Tekst og foto i bladet:
Fusa sokn,
dersom anna ikkje er notert.

REDAKSJONEN:
Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no
og staben ved kyrkjekontoret

ANDAKT

1. mosebok 16, 1-8:
Sarai, Abrams kone, fødte ham ingen barn. Men hun hadde en egyptisk slavekvinne som het Hagar. ***2*** *Sarai sa til Abram: «Hør på meg: Herren har hindret meg i å føde barn. Gå nå inn til slavekvinnen min! Kanskje får jeg en sønn ved henne.» Og Abram hørte på det Sarai sa.* ***3*** *Og Abrams kone Sarai tok Hagar, den egyptiske slavekvinnen sin, og ga henne til kone for Abram, mannen sin. Abram hadde da bodd ti år i landet Kanaan.* ***4*** *Han gikk inn til Hagar, og hun ble med barn. Men da hun oppdaget at hun var med barn, så hun ned på husfruen sin.* ***5*** *Da sa Sarai til Abram: «Det er din skyld at jeg blir krenket! Jeg ga min slavekvinne i din favn, men da hun oppdaget at hun var med barn, så hun ned på meg. Herren skal dømme mellom meg og deg!»* ***6*** *Abram sa til Sarai: «Se, slavekvinnen er i din hånd. Gjør hva du vil med henne.» Og Sarai ydmyket henne, så hun rømte fra henne.* ***7*** *Herrens engel fant henne ved en vannkilde i ørkenen, ved kilden på veien til Sjur.* ***8*** *Han sa: «Hagar, Sarais slavekvinne, hvor kommer du fra, og hvor går du hen?» Hun svarte: «Jeg rømmer fra Sarai, husfruen min.»*

Svar underveis

I 1954 deltok Trygve Bjerkreim på et formiddagsmøte hvor misjonæren Jon Berg talte om bønn. *«Fronten med dei falda hender er den veldigste stormakt i verda»*, sa Jon Berg. Trygve Bjerkreim noterte setningen ned på et lite blomsterkort som han fant i Bibelen sin. Der ble det liggende helt til året etter. En sommernatt våknet Bjerkreim midt på natten, skrudde på nattlyset og skrev de to første versene til sangen som fikk tittelen Det er makt i de foldede hender. Så la han seg til å sove igjen, uvitende om hvor viktig sangen han hadde skrevet skulle bli.

Det er makt i de foldede hender er en av Ønskekonsertens mest spilt sanger. Da Sigvart Dagsland gav ut et album med sangen som tittelspor, solgte den til platina. Men mest av alt har mennesker i dyp krise fortalt at denne sangen forandret livet deres. Sangen handler om bønn og om bønnesvar som drøyer.

Bønnesvar som uteblir kan skape tvil. Betyr det at Gud ikke er der? Eller: At han ikke hører? Har Gud glemt meg? Kanskje var det slik Sarai, Abrams kone, opplevde det. For Gud hadde lovet Abram barn, han hadde lovet at Sarai skulle bli gravid. Det ville jo ha vært et under i seg selv, siden hun var så gammel, men et barn ville tatt bort skammen over egen barnløshet og ikke minst svart på alle hennes bønner. Problemet var at tiden gikk uten at Sarai ble gravid. Da tok hun saken i egne hender.

Fortellingen om Sarai og Hagar er en fortelling om barnløshet, slavekvinners manglende frihet, hovmod, krenkelser og datidens juridiske lovverk. Smerten tar utgangspunkt i det som synes å være manglende bønnesvar. Men det var det ikke, for Sarai skulle fortsatt bli Sara og få barn, og Abram skulle bli Abraham og stamfar til hele Israelsfolket. Det var bare ikke enda, svaret var fortsatt underveis.

Det er ikke alltid Gud svarer på bønner slik vi hadde forventet. For: Guds tid er ikke vår tid. Det kan være vanskelig å forstå, men det betyr ikke at bønnene ikke blir hørt. For engelen kom til både Hagar og Sarai, selv om de hadde rotet det til. Slik kommer også Gud til oss. Midt i rotet vårt. Bønnene blir hørt, slik sangen sier: «*Det er svar underveis, engler kommer med bud. Om det drøyer dog fram det skal nå. For det lovet jo løftenes trofaste Gud, kall på meg og du hjelpen skal få.*»



Kjersti Gautestad Norheim

Kjersti Gautestad Norheim
F.t. fung. prost i Fana

Ei krevjande tid

Dei siste åra har vi alle fått merke korleis høgare prisar på nær sagt alt i samfunnet tærer på lommeboka. Det rammar oss som einskildpersonar, men også bedrifter og kommunar. Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd er òg råka av dette.

Nær sagt alle utgiftene våre – som straum til å varme opp kyrkjene, tenester innan økonomi og IKT, lønningar, pensjonsutgifter og mykje anna – har auka svært mykje. Samstundes heng økonomien i fellesrådet tett saman med økonomien i Bjørnafjorden kommune. Medan økonomien i sokna er avhengig av eigen inntening og gåveinntekter for å drive aktivitet, er fellesrådet avhengig av midlar frå kommunen for å løne dei tilsette i sokna og ta vare på kyrkjene og gravplassane våre.

Den dårlege økonomien i kommunen påverkar òg oss og i 2024 fekk vi eit nedtrekk på 5%. Det har ført til at fellesrådet dei siste åra har vore nøydde til å vedta budsjett der vi brukar av fonda vi har bygd opp for å gå i balanse. Samstundes har vi søkt kommunen om meir midlar. I budsjettet for 2025 vart det understrekt at dersom vi ikkje fekk ein auke i løyvingane for 2026, ville vi måtte ta drastiske grep. Vi var glade for at kommunen kompenserte for løns- og prisauke, og at ein fann rom for investeringsmidlar til mellom anna ein ny driftsbygning i Fusa i 2027. Det vart likevel ikkje gitt nokon auke i løyvingane elles, og dette vil få store konsekvensar for budsjetta framover.

Det vedtekne budsjettet for 2026 er difor svært stramt. Det er innført tilsettingsstopp, og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar er kutta ned til eit minimum i år.

Vi har vedteke eit budsjett i balanse, men er avhengige av å bruke det som står att på fonda. Fram mot 2027 må vi kutte om lag 3 millionar kroner for å sikre ein forsvarleg drift. Sidan lønningar utgjer 75% av budsjettet vårt er det her vi må kutta. Vi står difor no i ein nedbemanningsprosess. Det gjer dette til ei krevjande tid, særleg for dei tilsette og for sokna.

Eg er trygg på at vi allereie har nøktern drift, med god kontroll på ivaretaking av kyrkjebygga og gravplassane våre. Tilsette er kreative og finn stadig løysingar som sparer både oss og kommunen for store utgifter. No i vår har vi til dømes, i samarbeid med Jernia Sælen, testa ut robotklippar på Os kyrkjegard. Dette er eit spanande prosjekt som kan bli aktuelt å nytte på Fusa sida seinare òg om erfaringane vært gode.

Kyrkja er ein av dei største samfunnsaktørane i Bjørnafjorden. Vi skaper uvurderlege møteplassar for barn, unge, familiar, vaksne og eldre. Vi engasjerer fleire hundre frivillige i alle aldrar i meiningsfulle tenester. Vi tek vare på nokre av dei viktigaste kulturbygga i kommunen – kyrkjer som gjennom århundre har representert tilhøyrsle i lokalsamfunnet og markert livets overgangar for generasjonar av menneske. Vi sikrar eit verdig gravtilbod for alle bjørna-fjordingar, uavhengig av tru. Dette er vi stolte av, og det skal vi halde fast ved.

Vennleg helsing
Jon Håkon Øen
Kyrkjeverje



WALK & RUN 2026















TUSEN TAKK til alle som bidrog til at Walk and Run vart ein folkefest! Resultatet som me saman ser ut stil å skape er også imponerande; Pr. 1. juni passerer me 400 000,- kr. innsamla!* Det vil seie at meir enn 34 barn får eit nytt liv og ei framtid med håp på grunn av Walk and Run Fusa 2026. *Takk!*

**Endeleg resultat er ikkje klart når kyrkjebladet vart gjort klart for trykking.*

Alle Foto: Mari Gjøn Furubotn



















WALK & RUN 2026



































Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS

Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no

www.lhjertnes.no

Nær Butikken

P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110
e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

VESTLANDSKE LIMTRE INDUSTRI AS

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler - takverk

post@vlimtre.no www.vlimtre.no

Fusa Ferdigbetong as
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no

MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord`n Senter
FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR
Fusa

Man-fre 07-21
Lørdag 09-20

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD

Fusa Auto AS
Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00

www.meca.no MECA

Eide

STRANDVIK
Transport og Maskin AS
5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no
56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s
PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Norheimsund
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46
post@nhstrykk.no
Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund
Grafisk design og trykkeri

BUNNPRIS
Eikelandsosen
Man - fredag 8-21
Laurdag 9-20
Tlf. 56581245
bpeikelandsosen@bunnpris.no

Tombre
www.tombre.no

REISENE BESTILLER VI HOS:
TRAVELNET
OS REISEBYRÅ AS
2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no
Følg oss på Facebook

SPAR
Eikelandsosen
Opningstid 8-21
Laurdagar 9-20
Tlf. 56 58 00 90

SparebankenVest
avd. Fusa
Tlf. 915 05555
Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.
VI ER HER
www.spv.no

Tønnegarden
HANDVERKTRADISJONAR FRÅ BJØRNAFJORDEN
Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no
PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:
• sjå handverkarar i arbeid
• oppleve kultur og historieformidling på nært hald
• bestille selskapslokale, kurs og møtelokale
Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER VIA MINNESIDENE, PÅ BILDESBLOMSTER.NO ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland Rørteknikk A/S
56 58 09 90
hordalandrorteknikk.no
post@hrt.as
Holsundvegen 285
5642 Holmefjord
Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.
Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no
Din lokale kraftleverandør
Strøyma
Fusa kraftlag
5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandsosen
Alt innen malerarbeid og tapetsering
Tlf. 90 80 15 38

HERBALIFE NUTRITION
Independent Member
Ernæring for et bedre liv – en bedre hverdag! Gå ned i vekt på en sunn og sikker måte. Spør etter prøvepakke – uten forpliktelser!
Bli «FordelsKunde» - oppnå 35% rabatt - fraktfritt.
KA GANGSTØ HERBALIFE
Tlf.: 458 15 890
e-post: famgang@fusi.no
https://www.toppform.no/ksho

Dale Kjøleservice AS

GUTTEKLUBBEN NOAH


Dette utkastet skal langt!

Tekst og bilder: Sindre Hansen

Gutteklubben NOAH starta som eit grasrotinitiativ i kyrkjelyden i 2014 og har hatt godt driv sidan oppstarten. Målgruppa har heile tida vore gutar mellom 5. og 8. klasse, men òg eldre gutar har vore og er med på klubbkveldane som gjennom desse åra har tald frå 6-7 til over 25 gutar kvar gong. Nesten alt går føre seg ute i naturen gjennom heile året, nesten uansett vêr, så alle deltakarane får eit vannfast nytestamente når dei startar i NOAH. Primus motor Ernst Ove Indrebø har vore med frå starten og med seg har han hatt og har mange velvillige og flinke leiarar, fedrar og litt-for-gamle-NOAH-deltakarar-som-synest-det-er-kjekt-å-vera-med-hjelpeleiarar. I april sende kyrkjebladet Sindre Hansen ut på ein NOAH-samling på Bygdastølen frisbeegolfbane, med penn, papir og kamera, sånn at me andre kan få eit lite innsyn i NOAH.

-Redaksjonen

Frå frisbeegolf til bibelhistorier – gutteklubben «Noah» samlar gutane i Fusa

Med frisbee i lufta, bål på bakken og bibelhistorier rundt glørne, gir gutteklubben «Noah» i Fusa sokn eit aktivt og meiningsfullt fritidstilbod for gutar. Inspirert av speidaren, men med tydeleg kristen forankring, handlar det om både meistring, fellesskap og tru i praksis.

Ein kjøleg ettermiddag på Bygdastølen ski- og tursenter har ein gjeng frå gutteklubben «Noah» samla seg ved frisbeegolfbanen. Banen, som er bygd av Hålandsdal idrettslag, ligg fint til i naturen og gir rom for både konkurranse og leik.

Frisbeegolfbanen er eit resultat av stort lokalt engasjement. Ho er bygd på dugnad av idrettslaget, med god økonomisk støtte frå Sparebanken Norge som gjorde det mogleg å realisera prosjektet.


Frisbee i tre er ingen hindring for gutta

Denne dagen er dei ti stykk som møter opp. Stemninga er god, og forventningane er der – men det tek ikkje lang tid før utfordringane melder seg.


Frisbee i kald elv er ingen hindring for gutta

Allereie på første kast skjer det som kanskje ikkje skal skje: Discen susar av garde – og endar høgt oppe i toppen av ei furu. «Korleis skal dette gå?» er det nok fleire som tenkjer.

Forsøka på å få han ned er mange. Stein blir kasta, tørre greiner knekte av og brukt som «verktøy», og ein av gutane finn til og med ei nedhøgd bjørk som dei prøver å vippa discen ned med – men den viser seg å vera akkurat litt for kort.

Kanskje var det ikkje berre frustrasjon å spora – for stemninga er på topp. Jubel og sukk går om kvarandre kvar gong discen rører litt på seg. Nokon er nesten litt skuffa når den til slutt kjem ned.



Her gjeld det å sikta godt


Bål, pølser og bibelhistorie er alltid med på Noah

For til slutt tek ein av medhjelparane ansvar. Hellek klatrar opp i furua, heilt til toppen, og får omsider tak i discen. Lettelsen er stor når han kjem ned att med fangsten, og spelet kan endeleg halda fram.

Frisbeegolfbanen på Bygdastølen har ni hol, dei fleste rundt 100 meter lange. Bana er lagt opp slik at erfarne spelarar skal kunna klara kvart hol på tre kast. Om ein legg saman dei beste kasta frå gjengen denne dagen, er dei omtrent på det nivået.



Alt på det første holet ventar ei ekstra utfordring. Midtvegs må spelarane over ei elv – noko som ikkje går heilt etter planen for alle. Leiar Ernst Ove Indrebø kastar, og discen går rett i elva på direkten. Latteren sit laust, og det blir ein tydeleg påminnar om at heller ikkje leiaren går fri når presisjonen sviktar.

Trass i lite erfaring er det mykje å imponera seg over. Fleire av gutane kastar både langt og presist, med ei skikkeleg «snert» i kasta, sjølv om dei aldri har prøvd frisbeegolf før.

Det kjem også fleire minneverdige kast i løpet av dagen. Det kanskje mest spesielle startar litt skeivt og ser ut til å forsvinna mot skogen. Men i staden for å stoppa, byrjar discen å hoppa bortover trestammane – nesten som når ein kastar stein på vatnet og får fleire hopp bortover flata. – *Kva skjedde no? Er det fleire som tenkjer.*

Det som eigentleg var eit dårleg kast, blir plutseleg noko heilt anna. Så usannsynleg at det nesten blir sannsynleg, til både latter og forundring frå gjengen.

Utstyret er derimot noko meir variert. Éin av deltakarane sver til klogger og går heile løypa i det – noko som kanskje ikkje er heilt å anbefala, men underteikna har aldri sett nokon springe så lett i lyng før med klogger. Eit imponerande skue! Undervegs kjem dei nemleg borti både våte parti og ei og anna myr, så om det har vore litt regn i tida før du skal spele er tursko å anbefale.

Kvart hol startar relativt organisert, med éin og éin som kastar. Men det tek ikkje lang tid før systemet glir litt ut. Når frisbeeane først flyg, går dei gjerne i alle retningar, og då er det fort «kvar for seg sjølv». Høyrer du ropet «dukk», er det berre å bøya seg – då kjem det gjerne ein disc susande gjennom lufta.

> ***Høyrer du ropet «dukk», er det berre å bøya seg – då kjem det gjerne ein disc susande gjennom lufta.***

Samtidig er målet klart for alle: lyden av kjettingane i kurven. Når den kjem, veit ein at holet er fullført. Etter kvar runde melder deltakarane inn talet på kast til leiaren, som fører alt inn i ein app som held styr på resultatet.

Dekninga på Bygdastølen er litt varierande, så det løner seg å leggja inn alle deltakarane og starta runden allereie på parkeringsplassen.

Mot slutten av runden ventar nye utfordringar. Dei siste hola tek spelarane tilbake mot start, og då må dei igjen over elva frå første holet. Det er ikkje uvanleg at ein og annan disc hamnar i vatnet her heller.

Denne dagen er intet unntak, men ein av deltakarane tek ansvar og vassar ut i elva for å henta discen tilbake. Slikt blir lagt merke til, og laginnsatsen er tydeleg.

Idrettslaget har planar om å byggja ei lita bru over elva, noko som vil gjera det litt enklare – og kanskje litt tørrare – å koma seg gjennom akkurat denne delen av bana. No ligg det nokre store kampesteinar midt i elva me hopper tørrskodd over elva på.

Bana er elles bygd rundt skiløypa i området. Om vinteren er dette spor for skigåarar, medan ho om sommaren nærmast fungerer som

GUTTEKLUBBEN NOAH



Denne kveldens Noah-gjeng

ein «fairway» for frisbeegolf. Men når presisjonen ikkje heilt er på stell, er det fort gjort at discen hamnar ute i lyngen rundt – og då blir det gjerne litt ekstra leiting.

For underteikna vart det ein solid tur: 2,9 kilometer, 4029 steg og det som tilsvarer 24 etasjar.

> *Etter gjennomført runde samlar gjengen seg rundt bålet*

Etter gjennomført runde samlar gjengen seg rundt bålet. Det blir tent opp, og pølser kjem raskt på grillen. Medan røyken stig roleg opp i lufta, fortel Ernst Ove påskehistoria – om lammet og utvandringa frå Egypt. Det blir ein roleg kontrast til aktivitetane tidlegare på dagen, der gutane sit samla og lyttar.

Gutteklubben Noah handlar ikkje berre om aktivitet, men også om fellesskap og innhald. Opplegget kan på mange måtar minna om speidaren, med fokus på friluftsliv, praktiske aktivitetar og bibelhistorier som gir noko å tenkja på.

> *Gutteklubben Noah handlar ikkje berre om aktivitet, men også om fellesskap og innhald.*

I vekene etter har klubben halde fram med eit variert program, med aktivitetar som fisking og skyting. Felles for alt er at det skjer ute, og at det gir rom for både meistring og samhald.

For dei som vil vera med, er det enkelt å bli ein del av fellesskapet. Påmelding skjer gjennom kontakt med Ernst Ove, og arrangement blir lagt ut som eigne event på Facebook der deltakarane kan melda seg på.

Gutteklubben «Noah» framstår som eit flott tiltak i lokalmiljøet – ein stad der gutar kan samlast, vera aktive og oppleva meistring saman med andre i eit kristent fellesskap.





OPEN KYRKJE

Strandvik kyrkje er open kvar tredje tysdag i månaden frå kl. 19:00 til 20:00.

Her kan du setje deg ned, tenne lys, eller berre lytte til musikk.

Det er open kyrkje
15. september
20. oktober
17. november

HAR DU LYST TIL Å SYNGJA I KOR?

Kyrkjekoret startar opp att med øvingane sine torsdag 3. september kl. 19:50 (!) på galleriet i Fusa kyrkje, og det er ikkje for seint å bli med også etter den datoen. Øvingane er kvar veke og varar om lag ein time. Kyrkjekoret består for tida av 4 song-glade damer og har plass til fleire.

Om du heller vil syngja i eit blandakor, er kanskje «Sine Nomine» noko for deg? Koret medverkar på enkelte gudstenester i soknet, men er elles eit frittståande kor. Frå 3. september har dei øving kvar torsdag kl. 18:30-19.45 i kyrkjelydssalen i Fusa kyrkje. Kantor Iman de Zwarte leiar begge kora.

BØNN FOR Norge 24/7 i Fusa Lørdag 22. august

Av Anette-Emilie Gangstø

På side to under spalten Andakt, deler Kjersti Norheim tanker rundt den kjente salmen «Det er makt i de foldede hender». **Dette tror vi på og vi oppmuntres av Jesu ord:**
«Be så skal du få, let så skal du finne, bank på så skal det lukkes opp for dere. For den som ber, han får, og den som leter, han finner, og den som banker på, blir det lukket opp for»

Dette året, 2026 er et spesielt år for Norge med tanke på bønn. Sammen med flere andre nasjoner har mange land gått inn for å stå sammen i bønn ett helt år, altså 24/7 fordelt til ulike grupper og menigheter i de fleste ulike kirkesamfunn. Intet unntak i Norge. Døgnene er fordelt mellom alle som ønsker å delta. Vi i Fusa skal være med Lørdag 22. august 2026. Dette døgnet har vi ansvar for. Døgnet deles opp i 24, der en får ansvar for sin bønnetime. En kan være alene eller sammen med noen.

Arrangementet er tverrkirkelig og vi håper mange vil bli med. Det vil bvære slik at en melder seg på og skriver seg opp på hvilken time en vil be. Dette vil vi komme tilbake til helt konkret på et informasjonsmøte i juni.

Den bønnetimen en har satt seg opp foregår i Eikelandsosen bedehus . Her overtar en stafettpinnen fra de som har bedt timen før. Og når timen din, eller deres er ferdig, så gis stafettpinnen videre. Denne stafettpinnen er et symbol på at ikke vi står alene, men søker Gud sammen. Både vi i Fusa og ellers rundt om i hele landet vårt.

Stafettpinnen vi kommer til å bruke, er den som Samnanger brukte når de hadde sitt bønnedøgn. Det var de som startet Bønn for Norge 24/7 den 1. januar 2026 der de hadde rigget til en slags bønnevandring med bønneposter en kunne benytte seg av i Haga kyrkje. Noe lignende vil vi ha i Eikelandsosen Bedehus.

Å be en time kan høres altfor lenge ut, kanskje for de fleste av oss, men vi vil oppmuntre hverandre til å ta del i det. I stedefor å tenke «jeg skal be hele timen kontinuerlig,» så tenk at denne timen har du satt av til å være sammen med Jesus og Gud. Og så vil det være mye god hjelp til å be, være stille eller søke Gud slik du kjenner er godt for deg, gjennom bønnevandringen i lokalet og flere bønneposter som vil være delt inn i «bønnestasjoner» for Fusa, Norge og Verden.

I juni vil vi ha et informasjonsmøte der vi vil snakke mer om bønnedøgnet og hvordan dette vil være. Her kan alle som ønsker komme å høre mer om Bønn for Norge 24/7.

ALPHA- SOKNEPRESTENS FØRSTE MØTE MED ALPHA KURS

Til høsten starter vi Alpha kurs her i Fusa. Det er ett kurs om den kristne troen og foregår over 8 samlinger. Det vil være på Eikelandsosen bedehus og er ett tverrkirkelig arrangement. Kanskje har du litt lyst å finne mer ut av dette med tro, Gud og Jesus og slikt? Gjennom et måltid og undervisning og prat i trygge grupper vil det være en god anledning å finne ut litt mere om den kristne tro. Vi håper mange vil sammen med oss blir med på Alpha kurs i Eikelandsosen.

Alpha kurs er for alle, ingen unntak... selv om jeg trodde det først... For første gang jeg hørte om det, tenkte jeg det var mest for de som kanskje ikke trodde på Jesus men var nysgjerrige, men når jeg ble utfordret til å bli med på alpha kurs første gangen i begynnelsen av 20-årene, så syns jeg det virket litt fint med de gruppene. For her kunne en altså stille alle spørsmål. Dermed jeg bestemte meg for å bli med sammen



med ei venninne – og å våge å stille alle spørsmål jeg før ikke hadde turt å stille, men bare holdt inni meg. Det var rett og slett befriende og veldig inspirerende - Både å våge å stille spørsmål (ingen spørsmål er dårlige... bare muligheter for dårlige svar) og å høre andres gode spørsmål og sammen undre seg over både besvarte og ubesvarte spørsmål, var berikende og trosstyrkende. Undervisningen var nært knyttet til livet og jeg fikk nye venner. Dette gav meg mersmak og jeg tok med meg andre på kurs seinere også.

Å invitere med seg noen på kurs er veldig fint. Kanskje kunne du gjøre det også? Tenk på noen, be til Gud om det er noen han tenker du kunne invitere med. Det er som regel alltid kjekkere å gå sammen med noen. Ta deg tid til å tenke litt på det. Jeg tror det vil dukke opp noen i tankene og hjerte som du kan be litt for før du spør om de vil være med. Eller kanskje er det noen du tenker på som kunne ha lyst å være med, men som mangler barnepass. Hjelp dem med barnepass så de kan få være med hvis de ønsker.

Kunne du tenke deg å være med, men mangler skyss, så ta kontakt med oss på kirkekontoret så finner vi hjelp til det også. Informasjonmøte om Alpha kurset blir i august. Følg med på facebook, hjemmeside etc for nærmere informasjon over sommeren, eller ta kontakt med Sokneprest eller kirkekontor for informasjon.

KONFIRMASJONAR I FUSA SOKN Våren 2026



Konfirmasjon Sundvor 2. mai
F.v.: Spr. Anette-Emilie Gangstø, Solveig Zanele Hauge, Dennis Haugen, Magnus Lyhammer Sævareid.

Foto: Malin Haugen



Konfirmasjon Fusa 3. mai kl. 10.00
F.v., bak: Matthias Caceres Folkestad, Noah Øpstad-Håvik, Konrad Egbe Rosvold, Kristoffer Lien Holmefjord, Vegard Espeland Hult, Tobias Samnøy Olsen.

F.v., framme: Linnea Øpstad, Brynhild Markhus, Raquel Murcia Martin, Iselin Kaland, Laura Murcia Martin, Spr. Anette-Emilie Gangstø.

Foto: Bente Juveng Øpstad



Konfirmasjon Fusa
3. mai kl. 12.00
F.v., bak: Oskar Sagstad-Hjelle, Tuva Aarra, Stian Øpstad, Emilian Hallan Boge, Kristoffer Nordtveit Arntzen, Anders Tveit.

F.v., framme: Emiil Aadland Nesheim, Joao Guilherme Monteiro Leite, Andreas Boge Berland, Vivian Ådland Bolstad, Yasmin Eylül Saldamli, Spr. Anette-Emilie Gangstø.

Foto: Bente Juveng Øpstad



Konfirmasjon Hålandsdalen
9. mai kl. 11.00
F.v.: Spr. Anette- Emilie Gangstø, Alva Marie Bugge Furubotn, Kristine Koldal, Tuva Tveit Gjerdevik, Marit Alice Solvang Fagerthun, Mikkel Bruland, Emil Berge Hjartnes.

Foto: Camilla Rydland Aarseth



Konfirmasjon Hålandsdalen
9. mai kl. 13.00
F.v.: Spr. Anette-Emilie Gangstø, Andrea Rosvoll Heffernan, Ingrid Marie Jones Rød, Maia Kristine Jones Rød, Bjørn Johan Bjaanes, Anna Maria Silvestre Norheim, Edward André Skaftun.
Foto: Terje Rød

KONFIRMASJONAR I FUSA SOKN Våren 2026



Konfirmasjon Strandvik 10. mai kl. 11.00
F.v., bak: Sarah Birkeland Olafsen, Samantha Djuvik Thomas, Sigmund Myrvang Abotnes, Markus André Greve Svendsen.

F.v., framme: Spr. Anette-Emilie Gangstø, Ella Christiansdotter Epland, Benedicte Kristiansen, Lars Andreas Stenevik Gjøen.

Foto: Kristine Skåtun



Konfirmasjon Strandvik 10. mai kl. 12.00
F.v.: Isabella Nilsen Rusås, Caroline Algrøy Myklatun, Spr. Anette-Emilie Gangstø.

Foto: Privat.

Konfirmasjonsdatoar i Fusa sokn i 2027 er klare

Desse, samt lenke til påmelding til konfirmantåret 2026-2027 ligg på Fusa sokn si heimeside; **www.kyrkja.no/fusa**

Velkommen som konfirmant i Fusa sokn 2026-2027!

Barnas



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Finn 5 feil

Desse to bilda er nesten heilt like. Klarar du å finne 5 feil på det eine bildet?




Teikning: Trevor Keen



Labyrint

Sakkeus var ein av dei som møtte Jesus då Jesus gjekk omkring på jorda. Hjelp Sakkeus med å finne vegen gjennom treet.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen


Vits:

– Driv du med sport?
– Ja, eg speler sjakk.
– Det blir du vel ikkje sliten av!
– Jo, eg blir heilt matt.



Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.



Det mystiske agentalfabetet:



A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

Vits:

– Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
– Det var då kjipt!
– Ja, eg saknar klassen litt.

Velkommen til samtalegruppe for etterlatte.

Haust 2026



Fusa sokn i samarbeid med Fusa frivilligsentral

tilbyr samtalegruppe for etterlatte.

Sorggruppe/samtalegruppe er ei samling der etterlatte får snakka saman om korleis det er å leva med sorg etter å ha mista nokon. Å dela erfaringar og tankar kring sorga med andre, trur me kan vera til hjelp for å stå i sorga.

Tilbakemeldingar frå dei som har delteke i desse samtalegruppene er særs gode.

Hausten 2026:

-Ope møte ang. Sorg (September)

-Påfølgande fire samtalegrupper(Kvar 3 veke.)

-Siste samling eit måltid på cafè eller restaurant

Dato for samlingane vert offentleggjort i august 2026.

Ta kontakt med Hildegunn Myrlid Eide

(Tlf:97650155)om du lurer på noko.



«Når det vi frykter skjer, går det an å mestre sorg, men vi trenger omsorg som et varmt teppe rundt skuldrene våre mens vi fryser»

(Tove Houck)

Arbeidsgruppa for samtalegruppe for etterlatte er: Maren Hamre, Bodil Samnøy og Hildegunn Myrlid Eid







Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?
Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris
Ring 406 11 817
Leivmagnar.fosse@gmail.com
L.M Fosse



Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER
SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

Gudstenester i Fusa sokn

14.06.2026 - 01.01.2027

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Anledning for dåp
14.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.06.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
28.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
05.07.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
12.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
19.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
29.07.	18:00	Holdhus gamle kyrkje	Gudsteneste	Nei
02.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
09.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Fullt
16.08.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
23.08.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
30.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
30.08.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
06.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
13.09.	12:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Nei
20.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
20.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
27.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
27.09.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
04.10.	11:00	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	Nei
11.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
18.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja
25.10.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Nei
25.10.	16:30	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Nei
01.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
01.11.	19:00	Fusa kyrkje	Minnegudsteneste	Nei
08.11.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
08.11.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	Nei
15.11.	11:00	Sætervika	Gudsteneste	Nei
22.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
29.11.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja
06.12.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
13.12.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
20.12.	16:30	Nine lessons and carols	Gudsteneste	Nei
24.12.	Fleire	Sun./Sæv./Str.vik/Hål.dal/Holmefj.	Gudsteneste	Nei
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Ja
01.01.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja

Frå Kyrkjebøkene

Dåp

STRANDVIK KYRKJE
28.03.2026 Alma Opheim Waaler

FUSA KYRKJE
05.04.2026 Hedda Bjørndal Helland
25.05.2026 Dennis Olai Skåtun

SÆVAREID KAPELL
07.06.2026 Emmily Rolland

HÅLANDSDAL KYRKJE
19.04.2026 Rakel Dale Aga
19.04.2026 Lukas Eide Wirak
19.04.2026 Oliver Eide Wirak

Vigde

HÅLANDSDAL KYRKJE
06.12.2025 Malin Dale og Christoffer Tønnessen
13.05.2026 Therese Brekke og Krister Holmefjord
30.05.2026 Synnøve Austestad og Bernt Hjørnevik Hansen

SKJELBREID POIREE
26.04.2026 Celine Karaskiewicz Blindheim og Simen Dahl Andersen
09.05.2026 Ingeborg Vevle og Hans Kristian Vik Olsen

Gravferd

FUSA KYRKJE
16.04.2026 Ketil Skibenes, f. 30.04.1954
17.04.2026 Nils Fykse, f. 03.06.1940
17.04.2026 Alf John Holmefjord, 30.10.1949
07.05.2026 Willy Henning Sævold, f. 16.07.1943
07.05.2026 Magnhild Johanne Svendsen, f. 23.02.1937

Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Sidan sist



Dåpsskule på Indrebø gard



Basarkonsert med Fjord`n barnekor



Dåpsskule på Stølen i Strandvik



Dåpsskule på Matland Gård



Foreldrefest for småbarnsforeldre med familiar i Eikelandsosen bedehus